

REGULERINGSFÖRESEGNER I TILKNYTTING TIL REGULERINGSPLAN FOR
BÖVÅGEN, RADÖY KOMMUNE.

GENERELT

§ 1.

Det regulerte området er vist med avgrensingsline.

§ 2.

Området som er vist på planen er delt opp i areal for:

- A. Bustadbygging.
- B. Butikk- og tenesteanlegg.
- C. Offentlege og allmenyttige byggjeføremål.
- D. Industri.
- E. Naustområde.
- F. Jordbruk.
- G. Friområde.

§ 3.

For dei einskilde byggjeføremål med tilhøyrande ytre anlegg gjeld følgjande føresegner.

For heile området gjeld dessutan fellesføresegnene.

§ 4.

I området kan bustader, butikkar, lager, industri og anna oppførast og innreist berre i områder som er lagt ut til dette føremålet.

A. Bustadbygginga.

§ 5.

Det skal berre byggjast reine bustadhus med tilhøyrande garasjer.

§ 6.

I områder utlagt til bustadføremål, men utan detaljregulering kan bygningsrådet krevja detaljplan for området for oppføring av bustader vert tillate.

§ 7.

Vertikalt-delte to-mannsbustader kan etter bygningsrådet sitt skjøn tillatast på tomter som naturleg kan delast i to parsellar og eignar seg til dette.

§ 8

Frittliggjande bustader i småhus kan byggjast i inntil $1\frac{1}{2}$ høgd. Ligg tilhøva vel til rette for det, kan bygningsrådet gjeva løyve til å byggje 2 høgder.

§ 9.

Til kvar bustad skal vera minst 1 parkeringsplass på eigen eigedom. Enkle garasjer skal helst byggjast i samanheng med bustadhus og tilpassast dette i form. Der særlege tilhøve talar for det, kan bygningsrådet tillate oppført frittstående garasjer. Garasjer skal i tilfelle plasserast slik i høve til bustadhus og nabohus at ein oppnår god arkitektonisk verknad.

Elles kan garasjer for inntil 2 bilar plasserast mot nabogrense, men innanfor regulerte byggjegrænse. Ingen del av bygningen må stikka stikka utover nabogrense.

Der lende eller andre tilhøve gjer det vanskeleg å leggja garasje på eiga tomt, kan bygningsrådet visa til tomt for felles garasjeanlegg.

§ 10.

Det er ikkje høve til å føra opp garasjer i meir enn 1 högd. Når garasje skal gje plass for fleire biler, er maksimal tillate grunnflate 40 m².

§ 11.

For frittliggjande bustadhus skal det, utanom garasje, vera parkeringsplass på eigen grunn for minst 1 bil for kvar bustad, til vanleg framfor garasjen.

§ 12.

Plassering av garasje skal meldast saman med bustad.

B. Butikk- og tenesteanlegg.

§ 13.

På arealet kan vanlegvis berre tillatast ført opp bygningar for verksemder som etter bygningsrådet sitt skjøn tener innbyggjarane i i det området senteret skal dekkja, og som ikkje er skjemmande eller sjenerande for strøket.

§ 14.

Anlegg skal i kvart einskildt tilfelle godkjennast av bygningsrådet. Verksemder som vil føra med seg ulemper, kan bygningsrådet visa til industriströk.

§ 15.

Bygningane kan förast opp i inntil 2 högder og med flatt tak. Der spesielle omsyn talar for det, kan bygningsrådet innanfor reglane til bygningslova, godkjenna ei anna byggjehögd og takform.

§ 16.

Bygningsrådet kan krevja utarbeidd detaljert utbyggingsplan for heile arealet. Garasje skal leggjast i samanheng med bygningane elles.

§ 17.

Det er ikkje tillate å gjerda inn tomtane. Det skal vera ei klar avgrensing mellom den del av tomta som vert nytta til gangferdsel og areal for annan trefikk.

§ 18.

Bygningsrådet kan etter skjøn påby den einskilde verksemd å arbeida opp tilstrekkelege parkeringsplassar innan forretningstrøket.

C. Offentlege og allmennyttige byggjeføremål.

§ 19.

Utsjånaden og arten av anlegga skal i kvart einskildt tilfelle godkjennast av bygningsrådet, likeeins tilkomstvegar, parkering, terrengbehandling, planting, innhegning o.l. Detaljplan for større anlegg bör leggjast fram for kommunestyret til godkjenning.

D. Industri.

§ 20.

Tomtane skal nyttast til industriell verksemd (industri, lager, bensin og serviceverksemder o.l.) og anlegg som knyter seg til denne.

§ 21.

Det kan byggjast i opptil 2 högder. Der særlege grunnar talar for det kan bygningsrådet godkjenna ei større byggjehögd innanfor reglane i bygningslova.

§ 22.

Innhegning skal meldast til bygningsrådet for godkjenning av plassering, högd, byggjemåte og farge.

E. Naustområde.

§ 23.

Deler av stranda innanfor det regulerte området, er utlagt til naustföremål.

Området skal nyttast til flest moglege naustplasser.

Bygningsrådet kan krevja detaljplan for utnytting av strandområde for byggjing vert tillate.

F. Jordbruk.

§ 24.

I dei områda som er lagt ut til jordbruk, kan berre oppförast bygningar som er turvande for jordbruksdrifta.

G. Friområde.

§ 25.

I dei opne regulerte areale kan bygningsrådet tillata at det vert oppført mindre bygg i tilknytting til leik, idrott og dessutan transformator kioskar.

FELLESFÖRESEGNER.

§ 26.

Mot hovud- og samleveggar vert ikkje portar eller avköyningar tillate frå tomtar som har tilkomst frå lokal veg.

§ 27.

Inn- og utköyningar til tomtane skal vera oversynlege og mest moglege trafikksikre. Det skal ved byggjemelding gjerast greie for desse tilhöva, som skal godkjennast av bygningsrådet og elles utförast etter rådföring med ingeniörkontoret.

§ 28.

Bygningane skal plasserast innanfor dei regulerte byggjegranser, og elles slik som synt på planen.

§ 29.

Den innteikna möneretninga skal fölgjast.

Bygningar som höyrer saman i grupper, skal ha einsarta takform og takvinkel. bygningsrådet kan for ei gruppe hus fastsetja takform og takvinkel.

§ 30.

Takoppbygging og nedskjering i takflata vert ikkje tillate, utanom takluker for 2-högda hus, elles berre når tyningsrådet finn særleg grunn for dette.

§ 31.

Bygningsrådet skal sjå til at bygningane får god form og materialbehandling, og at bygningar i same gruppe får ei innbyrdes harmonisk utföring.

§ 32.

Eksisterande tre bör vernast så langt råd er. Elles må tomtane ikkje plantast til slik at det vert til ulempe for naboar eller den köyrande trafikken. Jfr. elles veglova § 31.

§ 33.

Eksisterande steingard i grensa mellom 24/20 og 25/3 skal vernast og vera framtidig grenseskille mellom bustadtomtane. Eksisterande stor stein på 25/3 må takast vare på og passast inn i utforminga av hagen.

§ 34.

Transformator kioskar og stolpar for elektrisitet og telefon skal plasserast så diskret som mogeleg, såvel på offentleg som på privat eigedom.

§ 35.

Ved sida av reguleringsföresegnene gjeld bygningslova, vedtekter for kommunen til lova og byggjeforskrifter frå departementet.

§ 36.

Etter at desse föresegnene er gjort gjeldande, vert det ikkje tillate å oppretta privat servitutt som strir mot reguleringsplanen eller föresegnene for denne.

§ 37.

Innanfor råma av bygningslova, vedtekter for kommunen til lova og byggjeforskrifter frå departementet kan bygningsrådet gjeva löyve tilunntak frå desse föresegnene når særlege grunnar talar for det.